



Vennelaget for Lensmannsgarden Årsmelding for 2010

Hå Kommunestyre vedtok 29.06.2010 reguleringsplan for Lensmannsgarden "*Plan 977-1 - Reguleringsplan - Forslag til detaljregulering for Lensmannsgarden, Varhaug*". Då reguleringsplanen var ute til høyring kom det ikkje motseiing til den parkeringsløysinga som vart vedteken av Kommunestyret. Det har i ettertid kome ei klage (14.07.2010) på kommunestyrevedtaket. Klaga vart avvist av "Utval for tekniske saker og næring" i Hå (28.09.2010), og sendt til Fylkesmannen 06.10.2010. Fylkesmannen har varsla handsamingstid oppimot 10 månader.

Også dette året har Vennelaget erfart motarbeiding frå Rådmannen. Dette kom klarast fram i framlagt sak til Formannskapet 9. desember 2010 der han gjekk til direkte åtak på Vennelaget ved å skulda Vennelaget for ulovleg bruk av løa. Dette vart avvist av Formannskapet med fylgjande vedtak: "Formannskapet beklager at Vennelaget urettmessig har vorte tillagt ansvar for ulovleg bruk av løa på Lensmannsgarden".

Vennelaget sende byggjesøknad for rehabiliteringsarbeidet på løa 29.10.2009, og administrasjonen i Hå kommune skulle handsama byggjesøknaden parallelt med reguleringsplanen for Lensmannsgarden. Då denne var vedteken av Kommunestyret ville dei utsetja handsaminga av byggjesøknaden til etter Fylkesmannen hadd handsama klaga på reguleringsplanen. Etter krav frå leiar i "Utval for tekniske saker og næring" har administrasjonen no lagt fram byggjemeldinga for politisk handsaming i "Utval for tekniske saker og næring" i møte 01.02.2011. Utvalet vedtok, mot Rådmannen si tilråding, å gje dispensasjon frå kravet til energibruk og ventilasjon for dei delane av bygningen som skal oppvarmast. Utvalet vedtok også å gje rammetillatelse for bruksendring frå landbruksbygg til forsamlingslokale/kultur/aktivitetslokale. Arbeidet på løa kan setjast i gang når klagen på reguleringsplanen er handsama av Fylkesmannen, og reguleringsplanen er stadfesta. Vennelaget er godt nøgde med vedtaket som vart gjort.

Styret i Vennelaget har hatt 6 styremøter. Personar i styret og byggkomiteen har, som tidlegare år, hatt eit omfattande arbeid utanom styremøta i samband med politisk handsaming av spørsmål knytta til løa på Lensmannsgarden. Det har vore utført arbeid også i komite for innreiing og utsmykking og i komite for innsamling av historisk materiale i 2010. Komiteen for innsamling av historisk materiale har fullført arbeidet med informasjonsfaldar for Lensmannsgarden og eit flott hefte der Lensmannsgarden sin historie vert presentert, sjå www.lensmannsgarden.net. Dette arbeidet har vore støtta av "Kulturminneåret 2009".

Medlemstalet i Vennelaget er 181.

Styret i Vennelaget har vore:

Kjetil Skrettingland, leiar
Hans Vagleik Jakobsen, nestleiar
Anny Hagesæter, sekretær
Frode Skretting, kasserar
Solveig Aanestad, styremedlem
Eldar Odland, varamedlem

Byggkomite:

Svein Varhaug, leiar
Dag Skretting
Jon Harald Håland

Dugnadskomite:

Hans Vagleik Jakobsen
Solveig Aanestad
Oddbjørg Skrettingland
Geir Egil Rosland

Komite for medlemsverving:

Hans Vagleik Jakobsen
Svein Borgen
Asgerd Strømsvik Tjemsland

Komite for innsamling av historisk materiale:

Solveig Aanestad
Gunnar Husveg
Eirik J Varhaug
Gudrun Tora Norli Husveg

Komite for innreiing og utsmykking:

Anny Hagesæter
Inger Kyllsø
Arnstein Skretting

Valnemnd:

Silje E. Varhaug
Guri Sollesnes
Svein Borgen

For styret i Vennelaget for Lensmannsgarden
Kjetil Skrettingland (leiar)